



Finansutvalet 02.05.2018

Fylkeshuset, møterom Sygna, kl. 10.00

Dato

LEIKANGER, 24.04.2018

Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 2/18

Fylkesrådmannen legg no fram det siste arbeidsdokumentet før sak om økonomiplan 2019-2022 skal handsamast av fylkestinget i juni. Økonomiplanen vert som tidlegare år eit endringsdokument i høve gjeldande økonomiplan.

Dette arbeidsdokumentet omhandlar mellom anna:

- Rammeverderinger i høve rekneskapsresultatet 2017
- Innspel frå hovudutvala
- Investeringsbudsjettet herunder nytt opplæringsfartøy
- Innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

1 REKNESKAP 2017 – RAMMEVURDERINGER

I arbeidsdokument 1/18 la fylkesrådmannen fram pressemeldinga knytt til rekneskapsresultatet 2017. Fylkesrådmannen opplyste vidare at det var starta opp eit arbeid med å vurdere om det er grunnlag for å justere budsjetttrammene i økonomiplanen som følgje av rekneskapsresultatet.

Når det gjeld sektorane opplæring, samferdsle og næring/kultur er vurderingane knytt til årsresultatet omhandla i hovudutvalssakene. Dette er i samsvar med finansutvalet si bestilling til hovudutvala og vert omtala i pkt. 2. Dette punktet vil difor omhandle fellesinntekter og -utgifter, samt sektorane utan eigne hovudutval.

Fellesinntekter og -utgifter

Postane under fellesinntekter og -utgifter synte ei netto meirinntekt på om lag 20 mill. kr. Dette er i hovudsak fordelt på skatt, premieavvik/pensjon, konsesjonskraft og renter. Dette er postar som det vert gjort konkrete vurderingar på i løpet av budsjettprosessen, slik at det ikkje er naudsynt å justere rammene med bakgrunn i rekneskapsresultatet.

Politisk styring, plan og forvaltning

Sektoren politisk styring, plan og forvaltning synte eit mindreforbruk på om lag 8 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til utgifter til fylkesting, utval og ordførar, administrasjon, personalretta tiltak og lokal og regional utvikling. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje grunnlag for å justere budsjetttrammene utifra desse avvika. Noko av mindreforbruket er knytt til enkeltfaktorar som berre gjeld for 2017. Vidare er nokre av budsjettpostane reduserte i gjeldande budsjett og økonomiplan. I tillegg ser fylkesrådmannen behov for å gjere nokre omprioriteringar innanfor sektoren, då det i samband med samanslåingsprosessen med Hordaland fylkeskommune vert auka kostnadane både på politisk og administrativ side.

Tannhelsesektoren

Tannhelsesektoren viste eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr i 2017 som i hovudsak skuldast vakansar. Sektoren har resultatoverføring (til 2018) slik at innsparinga ikkje påverkar rekneskapsresultatet. Tannhelsesektoren er godt i gang med arbeidet knytt til ny klinikks- og tenestestruktur, jf. vedtak i FT-sak 25/16, og budsjetttrammene er konsekvensjustert for føreset innsparing. Fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje er grunnlag for å justere budsjetttrammene til sektoren med bakgrunn i rekneskapsresultatet.

Tilråding

Finansutvalet tek fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til rekneskapsresultatet for 2017 til orientering.

2 INNSPEL FRÅ HOVUDUTVALA

I arbeidsdokument 1/18 gav finansutvalet følgjande bestilling til hovudutvala:

«Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innanfor gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innanfor sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettssaker til hovudutvala i mars/april.»

Sakene til hovudutvala, samt saksprotokoll frå møtet i hovudutval for opplæring, følgjer som vedlegg 1-3. Saksprotokollar frå møta i hovudval for samferdsel og næring/kultur den 24. april vert ettersende.

Nedanfor følgjer ei kort oppsummering av tilrådinga frå hovudutval for opplæring og framlegg til tilråding frå fylkesdirektørane for samferdsle og næring/kultur.

Hovudutvalet for opplæring har gjort ei vurdering av rekneskapsresultat, gjeldande sektorramme og endra/nye føresetnader og konkluderer med ei økonomisk utfordring på 13,9 mill. kr i 2019 og 12,4 mill. kr for åra 2020-2022. Auken er knytt til meirbehov på opplæring i bedrift og fagprøver.

I tilrådinga til hovudutval for næring og kultur er det gjort ei vurdering av rekneskapsresultat og gjeldande sektorrammer. Det vert ikkje meldt konkrete meirbehov no, men det vert peikt på utfordringar i samband med ev. nye oppgåver. Vidare er det ønskje om ei enkel kartlegging av forventa fylkeskommunal medverknad i høve utbyggingsplanar til kulturinstitusjonane i fylket.

I tilrådinga til hovudutval for samferdsle er det gjort naudsynte tilpassingar innanfor gjevne sektorrammer. Tilrådinga syner vidare store økonomiske utfordringar både innanfor drift og vedlikehald av fylkesvegnettet og innanfor kollektivområdet.

Tabellen nedanfor syner korleis innspela frå hovudutvalssakene påverkar salderingsbalansen i økonomiplanperioden, der utgangspunktet er ubalansen frå arbeidsdokument 1/18.

	2019	2020	2021	2022
Ubalanse etter a.dok 1	3,7	27,0	54,5	76,7
Hovudutval for opplæring	13,9	12,4	12,4	12,4
Hovudutval for samferdsle - fylkesveg		50,0	50,0	50,0
Hovudutval for samferdsle - kollektiv	9,0	9,0	9,0	9,0
Ubalanse etter ev. rammeauke	26,6	98,4	125,9	148,1

Tabellen viser at den samla ubalansen aukar med 22,9 mill. kr i 2019 og med 71,4 mill. kr for åra 2020-2022. Dette let seg ikkje løyse utan tilsvarande kutt i andre sektorrammer eller omprioriteringar innanfor sektoren.

Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå endringar av sektorrammene no på bakgrunn av innspela frå hovudutvala, men vil vurdere ei løysing for året 2019 i økonomiplansaka. Då er kommune-propositionen 2019 lagt fram (kjem 15. mai) og ein vil vite kva vi kan forvente av inntekter gjennom inntektssystemet. Utfordringar knytt til økonomiplanåra 2020-2022 vert å ta stilling til i økonomiplanprosessen 2020-2023 for det nye fylket.

Viss finansutvalet er positive til at det vert sett i gang eit kartleggingsarbeid knytt til fylkeskommunal medverknad i høve utbyggingsplanar til kulturinstitusjonar, er det økonomiske handlingsrommet til å ev. prioritere nye tiltak i 2019 svært avgrensa. Ev. nye tiltak med ønskje om slik medverknad må difor prioriterast innanfor sektorramma til næring og kultur.

Tilråding

Finansutvalet tek innspela frå hovudutvala til orientering.

Fylkesrådmannen må kome attende med ei vurdering av ein ev. rammeauke til opplærings- og samferdslesektoren i økonomiplansaka.

Ei ev. kartlegging av nye utbyggingsplanar til kulturinstitusjonane må ha som utgangspunkt at økonomisk medverknad frå fylkeskommunen må løysast innanfor sektorramma til næring og kultur.

3 INVESTERINGSBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram bygg og veg - status

Bygg

Når det gjeld investeringsprogrammet for bygg, vil fylkesrådmannen utarbeide eit statusnotat som vert vedlagt økonomiplansaka. Ev. økonomiske konsekvensar, både for budsjettet 2018 og økonomiplanåra, vil bli innarbeidd i tertialrapport 1/18 og i økonomiplansaka.

Veg

I saksframlegget til hovudutval for samferdsle, jf. vedlegg 3, vert det orientert om utfordringar knytt til løvying til enkle fysiske tiltak for gåande og syklande. Det har vist seg at mange aktuelle tiltak gjeld anlegg som ikkje er eigde av fylkeskommunen, og at vi såleis ikkje kan nytte investeringsmidlar til dette. Fylkesrådmannen vil som ein konsekvens av dette gjere ei vurdering av denne løvyinga i økonomiplanen, og vil difor kome attende til dette.

Når det gjeld det øvrige investeringsprogrammet for veg, har Statens vegvesen frist den 27. april til å kome med innspel. Ev. økonomiske konsekvensar, både for budsjett 2018 og økonomiplanåra, vil bli innarbeidd i tertialrapport 1/18 og i økonomiplansaka.

Tilråding

Finansutvalet tek statusrapporteringa knytt til investeringsprogrammet til orientering.

3.2 Nytt opplæringsfartøy

I arbeidsdokument 1/17, pkt. 5.3, orienterte fylkesrådmannen kort om status i arbeidet med nytt opplæringsfartøy, og at det ville bli arbeidd vidare med:

- Fylkeskommunen sitt behov for nytt opplæringsfartøy – alternativ for framtidig løysing av praksisopplæring for elevar og studentar i maritim og marin opplæring. Det vert også vist til FT-sak 45/12 *Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane – alternative løysingar*.
- Eige/leige av opplæringsfartøy – juridiske tilhøve.
- Finansiering av eit eventuelt nytt opplæringsfartøy.

I FT-sak 45/12 heiter det m.a.:

«God tilgang på eit stort fartøy (over 50 fot) i skulen sin regi ser ut til å vere ein viktig suksessfaktor for å få god kvalitet på opplæringstilbodet.»

Arbeidet med vurdering av behovet for nytt opplæringsfartøy viser at desse vurderingane framleis står ved lag. Dimensjoneringa av nytt fartøy, med høve til opplæring også på døgnbasis, vil gje elevane ei meir realistisk opplæring og førebuing til yrkeslivet. Dette er såleis ein viktig suksessfaktor for å nå målet i mål- og strategidokumentet «Mot nye høgder» og vedteke målekart om at Sogn og Fjordane skal ha den kvalitativt beste opplæringa.

Alt tyder på at det vil vere mest tenleg at fylkeskommunen sjølv står som eigar av eit nytt opplæringsfartøy. Dette gjeld både i høve anskaffningsregelverket og reglar kring offentleg støtte. Ein eventuell ny båt må ut frå dette sjåast på som eit «klasserom» og det må i første omgang løvvast investeringsmidlar til bygging av ny båt til ein kostnad av omlag 100 mill. kr, ekskl. mva. Ved å eige båten sjølv, vert det føresett at vi får kompensert meirverdiavgifta knytt til investeringa.

Finansieringsplan

Til å finansiere ei eventuell slik investering vil fylkesrådmannen tilrå å nytte:

- rekneskapoverskotet frå 2017 på om lag 45 mill. kr
- unytta lån frå tidlegare år på om lag 25 mill. kr
- nytt låneopptak på om lag 30 mill. kr.

Dei økonomiske konsekvensane på driftsbudsjettet er med denne finansieringsplanen berekna til å bli om lag 2,5 mill. kr årleg. Fylkesrådmannen meiner denne driftsutfordringa kan dekkast inn ved å nytte dei tildelte 30% av inntektene til Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO), samt inntekter fylkeskommunen måtte få frå Havbruksfondet. Havbruksfondet vart oppretta i 2016 og vert administrert av Fiskeridirektoratet. Dei årlege inntektene frå desse fonda er usikre, men utifra dagens prognosar vil samla bidrag frå desse to inntektskjeldene kunne utgjere meir enn 2,5 mill. kr per år.

Fylkesrådmannen har så langt ikkje oversikt over årlege driftskostnadene med eit nytt opplæringsfartøy. Dette må det arbeidast vidare med framover. For å dekke inn ei ev. meirutgift i høve dagens ordning, vil vi tilrå at inntekter frå MAREKO/Havbruksfondet - utover det som nyttast til inndecking av kapitalutgifter - kanskje også kan nyttast til dette føremålet. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å finne ei løysing på ei ev. restutfordring på driftsbudsjettet.

Fylkesrådmannen legg opp til ei eiga sak til fylkestinget til hausten om nytt opplæringsfartøy. Det vert då også naturleg å omtale vurderingar kring eigarskapen i Opplæringsfartøy AS. Det viktigaste i denne omgang er å få innarbeidd investeringa, tilhøyrande finansiering og kapitalutgiftene, i økonomiplanen.

Tilråding

Investeringsprogrammet i 2019 vert auka med 100 mill. kr + mva som skal nyttast til nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs. Investeringa vert finansiert med mva-kompensasjon, 45 mill. kr i avsette fondsmidlar og lån på 55 mill. kr. Tilhøyrande kapitalutgifter og inntekter frå MAREKO/Havbruksfondet på i sum 2,5 mill. kr årleg vert innarbeidd i driftsbudsjettet.

4 INNSPEL FRÅ RÅD OG UTVAL

Fylkesrådmannen har frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne motteke følgjande innspele til økonomiplan 2019-2022:

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok fyljande i møte 18. april, til økonomiplan 2019 – 2022:

- *For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. I vareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Vi meiner at retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.*
- *I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.*
- *Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutt ikkje rammar desse gruppene.*
- *Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen, bør det så langs som råd leggast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.*
- *Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.*
- *Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.*
- *Når prosjekt i økonomiplanen for 2019-2022 skal realiserast, er det viktig å sikre brukarmedverknad i prosjekta.»*

5 FØREBELS SALDERINGSSKISSE

Med dei tilrådde endringane i dette arbeidsdokumentet er ikkje salderingsutfordringa endra i høve arbeidsdokument 1/18. Vi har følgjande salderingsskisse som utgangspunkt for det vidare arbeidet med økonomiplan 2019-2022:

	2019	2020	2021	2022
Ubalanse etter a.dok 1	3,7	27,0	54,5	76,7
Vurderingar i arbeidsdokument 2:				
Auka kapitalutgifter - nytt opplæringsfartøy	2,5	2,5	2,5	2,5
Auka inntekter - MAREKO/Havbruksfondet	-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
Ubalanse etter a.dok 2	3,7	27,0	54,5	76,7

6 VIDARE ARBEID

Fylkesrådmannen vil no, med utgangspunkt i finansutvalet si handsaming av arbeidsdokument 1/18 og 2/18, utarbeide framlegg til økonomiplan 2019-22. I saka vil det også bli innarbeidd ev. økonomiske konsekvensar i økonomiplanperioden som følgje av:

- Framlegg til kommuneopposisjon 2019
- Tertiarrapport 1/18.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019-22 vil følgje same saksgang som tidlegare år, med handsaming i hovudutvala 30. mai, fylkesutvalet 31. mai og i fylkestinget 12.-13. juni.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Astrid Lernes
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Hovudutval for opplæring – sak 12/18 – saksframlegg med tilhøyrande saksprotokoll
2. Hovudutval for næring og kultur – sak 20/18 – saksframlegg. Tilhøyrande saksprotokoll vert ettersendt
3. Hovudutval for samferdsle – sak 15/18 – saksframlegg. Tilhøyrande saksprotokoll vert ettersendt

Kopi til:
Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe

TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 1/18

1 REKNESKAP 2017 – RAMMEVURDERINGER

Tilråding

Finansutvalet tek fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til rekneskapsresultatet for 2017 til orientering.

2 INNSPEL FRÅ HOVUDUTVALA

Tilråding

Finansutvalet tek innspela frå hovudutvala til orientering.

Fylkesrådmannen må kome attende med ei vurdering av ein ev. rammeauke til opplærings- og samferdslesektoren i økonomiplansaka.

Ei ev. kartlegging av nye utbyggingsplanar til kulturinstitusjonane må ha som utgangspunkt at økonomisk medverknad frå fylkeskommunen må løysast innanfor sektorramma til næring og kultur.

3 INVESTERINGSBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram bygg og veg - status

Tilråding

Finansutvalet tek statusrapporteringa knytt til investeringsprogrammet til orientering.

3.2 Nytt opplæringsfartøy

Tilråding

Investeringsprogrammet i 2019 vert auka med 100 mill. kr + mva som skal nyttast til nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs. Investeringsa vert finansiert med mva-kompensasjon, 45 mill. kr i avsette fondsmidlar og lån på 55 mill. kr. Tilhøyrande kapitalutgifter og inntekter frå MAREKO/Havbruksfondet på i sum 2,5 mill. kr årleg vert innarbeidd i driftsbudsjettet.

4 INNSPEL FRÅ RÅD OG UTVAL

5 FØREBELS SALDERINGSSKISSE

6 VIDARE ARBEID

Punkta 4-6 er utan tilråding.